



DOVRE KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre/ råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalet	12. juni 2018	1. juni 2018	Båtsto

Til stede på møtet:

Av i alt 3 medlemmer var 2 faste til stades.
Økonomisjef Jon Arve Tøndevoldshagen orienterte.
Revisor Anne Hesthagen orienterte.
Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.

Møtet varte fra kl. 1000 til kl. 1400

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført på sak nr. 1 – 9/2018 er i samsvar med det som ble vedteke i møtet.

Johan Solli

Frode Stordal

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalets møte går til:

- Medlemmene av kontrollutvalget og varamedlemmer.
- Dovre kommune, rådmannen
- Dovre kommune, v/ordføreren
- Innlandet Revisjon IKS

Møteinnkalling, sakliste og protokoll fra siste møte vart godkjent utan kommentar.

Møteinnkalling, sakliste og protokoll fra siste møte vart godkjent utan kommentar.



KONTROLLUTVALET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Dovre kommune	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 01/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Saksdokument:

- Årsmelding for 2017
- Oppfylgingsskjema for KU 2017

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Saksframstilling:

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velg sjølv eit kontrollutval til å utføre tilsynet på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av arbeidet til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding eller ein kombinasjon av disse to måtane. Rapportering til kommunestyret for året 2017 skjer med dette i form av kontrollutvalets årsmelding for 2017.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslag til årsmelding. Det var ingen kommentarar til denne.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Kontrollutvalet blir valt av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre tilsyn med den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet har denne samansetjinga:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Johan Solli, leiar	Stein Løkken
Frode Stordal, nestleiar (repr. kommunestyret)	Pål Rindal
Rannei Hovde	Steinar Kveen

Minst eit av medlemmene i kontrollutvalet skal velgjast blant kommunestyretmedlemmene. Medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalget kan ikkje være medlemmer, eller varamedlemmer i andre kommunale organ med beslutningsmynde, og kan ikkje vera tilsett i kommunen.

Likestilling

Kontrollutvalget har i perioden vore samansett av 1 kvinne og 2 menn, og krava i kommuneloven om jamn fordeling er teke i vare.

Formål og målsettinger med kontrollutvalgets virksomhet

Kontrollutvalets oppgaver går fram av kommunelova § 77 og i forskrift om kontrollutvalg av 15.06.2004. Kommunestyret kan konkret be kontrollutvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalets hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning.

Kontrollutvalget skal etter kommunelova syte for at desse oppgåvene blir utført:

1. Regnskapsrevisjon.
2. Forvaltningsrevisjon.
3. Gransking eller undersøkingar på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret.
4. Selskapskontroll.
5. Val av revisjonsordning etter oppdrag frå kommunestyret.
6. Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet.

Revisjonsordning

Dovre kommune har ei avtale om revisjon i eigenregi gjennom Nord-Gudbrandsdal Kommunerevisjon (NGR). Frå 1. juni 2017 oppretta NGR ei samarbeidsavtale med Innlandet Revisjon IKS. Frå 1. januar 2018 går NGR inn i Innlandet Revisjon, som da blir den nye revisjonsordninga.

Arbeidet i kontrollutvalget:

Kontrollutvalget har i 2017 hatt 8 møte og handsama 24 saker.

Rekneskapsrevisjon:

Kontrollutvalget gav uttale til årsrekneskapen til Dovre kommune for 2017.

Forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført forvaltningsrevisjonar i 2017. Dei har gjennomført overordna analyse og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for valperioden.

Selskapskontroll:

Det har ikkje vore gjennomført ordinær selskapskontroll. Sekretariatet har systematisk samla inn grunnlagsdokument for AS Eidefoss etter prinsippet om begrensa selskapskontroll.

Kontrollutvalet har vedteke plan for selskapskontroll for valperioden.


Budsjett for kontroll og tilsyn:

Etter "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 18 skal kontrollutvalget utarbeide budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen som skal fylgje innstillinga om budsjett til kommunestyret. Dette vart gjort i kommunestyret 19.12.17 under sak PS 65/2017, der innstillinga vart samrøystes vedteke.

SKNG:

Sekretariatstjenesta for kontrollutvalget blir utført av Sekretariat for kontrollutvalga i Nord-Gudbrandsdal (SKNG), da korkje kommuneadministrasjonen eller kommunerevisjonen kan ha denne funksjonen. SKNG er eit interkommunalt samarbeid oppretta av kommunane i Nord-Gudbrandsdalen, og sekretariatet er direkte underordna kontrollutvala.

Utvalsleiar Johan Solli er styreleiar i SKNG.



Johan Solli
leiar



Frode Stordal

Steinar Kveen



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Dovre kommune	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 02/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

DOVRE KOMMUNES ÅRSREGNSKAP OG ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- Regnskap m/vedlegg og årsmelding 2017. (I eigen fil)
- Revisjonsberetning for kommuneregnskapet 2017 datert 29.5.2018.
- Saksframlegg Dovre kommunes regnskap og årsmelding for 2017

Saksframlegg:

§ 7 i kontrollutvalgsforskriften fastsetter følgende:

"Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget."

Økonomisjefen har avlagt regnskapet for Dovre kommune for 2017 etter fristen 15.2.18. Revisjonen måtte på grunn av dette skrive ei negativ revisjonsberetning, datert 13.4.18. Ferdig rekneskap låg ikkje føre for sekretariatet før 1. juni 2018.

Kommunerevisor har gått gjennom regnskapet i samsvar med gjeldande reglar. Sekretæren viser til revisjonsmeldingen.

På bakgrunn av materialet har sekretariatet utforma dette forslaget til **uttale**:

Uttale til Dovre kommunestyre:

Kontrollutvalget har i møte den 12. juni 2018 under sak 02/2018 handsama Dovre kommunes årsrekneskap for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, revisjonsberetninga og årsmeldinga. I tillegg har revisor og fagansvarlig for kommunerekneskapen i møte supplert kontrollutvalget med muntleg informasjon.

Kontrollutvalget har merka seg at Dovre kommunes driftsrekneskap for 2017 er gjort opp med et rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 574 163. I 2016 utgjorde dette kr. 1 957 009. Netto driftsresultat er negativt med kr. 1 918 564. I 2016 var dette positivt med kr. 6 341 476.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.

Langsiktig gjeld har auka med 4,8 mill. kroner og utgjør nå kr. 557,5 mill. Av dette er pensjonsforpliktingar kr. 328,2 mill. Det låge investeringsnivået gjer at netto lånegjeld er redusert frå 72,8 til 71 % av driftsinntektene.

Kontrollutvalget har merka seg at det er små avvik mellom budsjetterte tall og regnskapstall på tenestoområda. Dette viser en god økonomisk styring, sjølv om kontrollutvalet også merkar seg at regnskapet er ferdigstilt etter fristen.

Rådmannen har denne innstillingen til behandling av regnskap og årsmelding 2017:

Kommunestyret vedtar:

Årsregnskap for 2017 for Dovre kommune datert 15.04.18 godkjennes.

Regnskapsmessig mindreforbruk for 2017, kr 574.163,- avsettes til disposisjonsfondet. Rådmannen fastsetter detaljert budsjettregulering i samsvar med vedtaket.

Årsmelding 2017 for Dovre kommune tas til etterretning.

Ut over det som er nevnt ovenfor, har ikkje kontrollutvalget merknadar til Dovre kommunes årsregnskap for 2017.

Handsaming:

Økonomisjef gjekk gjennom hovudtala i rekneskapen og kommenterte situasjonen framover. Revisjonen kommenterte revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar til forslaget til uttale.

Uttale til Dovre kommunestyre:

Kontrollutvalget har i møte den 12. juni 2018 under sak 02/2018 handsama Dovre kommunes årsrekneskap for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, revisjonsberetninga og årsmeldinga. I tillegg har revisor og fagansvarlig for kommunerekneskapen i møte supplert kontrollutvalget med muntleg informasjon.

Kontrollutvalget har merka seg at Dovre kommunes driftsrekneskap for 2017 er gjort opp med et rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 574 163. I 2016 utgjorde dette kr. 1 957 009. Netto driftsresultat er negativt med kr. 1 918 564. I 2016 var dette positivt med kr. 6 341 476.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse.

Langsiktig gjeld har auka med 4,8 mill. kroner og utgjør nå kr. 557,5 mill. Av dette er pensjonsforpliktingar kr. 328,2 mill. Det låge investeringsnivået gjer at netto lånegjeld er redusert frå 72,8 til 71 % av driftsinntektene.

Kontrollutvalget har merka seg at det er små avvik mellom budsjetterte tall og regnskapstall på tenestekområda. Dette viser en god økonomisk styring, sjølv om kontrollutvalet også merkar seg at regnskapet er ferdigstilt etter fristen.

Rådmannen har denne innstillingen til behandling av regnskap og årsmelding 2017:

Kommunestyret vedtar:

Årsregnskap for 2017 for Dovre kommune datert 15.04.18 godkjennes.

Regnskapsmessig mindreforbruk for 2017, kr 574.163,- avsettes til disposisjonsfondet.

Rådmannen fastsetter detaljert budsjettregulering i samsvar med vedtaket.

Årsmelding 2017 for Dovre kommune tas til etterretning.

Ut over det som er nevnt ovenfor, har ikkje kontrollutvalget merknadar til Dovre kommunes årsregnskap for 2017.



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Dovre kommune	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 03/18
		Saksbehandler: Morten Sørhage

KONTROLLRAPPORT 2017 VEDR. SKATTEOPPKREVERFUNKSJONEN FOR DOVRE KOMMUNE

Vedlegg:

- Kontrollrapport fra Skatteetaten for 2017 vedr. skatteoppkreverfunksjonen i Dovre kommune
- Årsrapport for 2017 – Skatteoppkreveren i Dovre kommune

Saksopplysninger:

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkreverfunksjonen i kommunen blir utøvd tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på områdene:

- Intern kontroll
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkreverfunksjonen i kommunene mens Skatteetaten utfører kontrollen. I år 2017 ikke har skattekontoret utført kontorkontroll for skatteregnskap. Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkreveren i det alt vesentlige har handlet i henhold til gjeldende regelverk.

Arbeidsgiverkontrollen utføres av AKNG, som er et samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen. Funksjonen ligger administrativt under skatteoppkreveren i Ottadalen. Rapporten viser at arbeidet er utført i tilstrekkelig omfang. I regionen er kontrollnivået 4,85 %, mens det på Dovre utgjør 5,2 %. Kravet er at 5 % av arbeidsgiverne skal kontrolleres.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar rapporten om skatteoppkreverfunksjonen i Dovre kommune 2017 og årsrapporten 2017 fra skatteoppkreveren i Dovre kommune til orientering.

Handsaming:

På førespurnad orienterte økonomisjefen om verksemda.

Vedtak:

Kontrollutvalget tar rapporten om skatteoppkreverfunksjonen i Dovre kommune 2017 og årsrapporten 2017 fra skatteoppkreveren i Dovre kommune til orientering.



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Dovre kommune	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 04/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

SPESIFIKASJON AV REVISJONSHONORARET FOR 2017

Vedlegg:

- Revisjonshonorar 2017 – note i regnskapet

Saksframstilling:

Etter rekneskapsstandard nr. 6 er kommunane pliktige til å spesifisere ein del rekneskapspostar i noter.

Noten for revisjonshonorar skal vise kor mykje som er ordinært revisjonshonorar, kor mykje som utgjer forvaltningsrevisjon og kor mye som har gått til tilleggssytelsar/bistand.

Revisjonshonoraret for 2017 er til saman kr. 563.000 som fordeler seg slik:

Ordinært revisjonsarbeid	Kr. 270.240
Forvaltningsrevisjon	Kr. 112.600
Tilleggssytelsar/bistand	Kr. 180.160

Revisor har spesifisert oppgåvene under dei tre kategoriane.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tek spesifikasjonene av revisjonshonoraret for Dovre kommune for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til oppsettet.

Vedtak:

Kontrollutvalget tek spesifikasjonene av revisjonshonoraret for Dovre kommune for 2017 til orientering.



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 05/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHET FOR 2018

Saksdokument:

- Revisors vurderingar av uavhengighet for 2018 (vedlagt)
 - o Dagleg leiar

Saksframstilling:

Kontrollutvalget sine oppgaver med regnskapsrevisjon er hjemlet i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalget har et ansvar for å se til at regnskapene blir reviderte på en forsvarlig måte. Dette er knyttet til flere forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, regler og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følger eventuelle avtaler som revisor og Kontrollutvalget har inngått

Kontrollutvalget fyller sitt ansvar for å se til at revisjonen blir utført på en forsvarlig måte ved å gjennomføre aktiviteter knyttet til oppfølging av revisjonen. Dette kan blant annet omfatte revisor sin uavhengighetserklæring.

Sekretæren har vurdert revisor sin erklæring om uavhengighet for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar revisor sin erklæring om uavhengighet til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalget tar revisor sin erklæring om uavhengighet til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 06/2018
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Årsrapport 2017 (eigen fil)

ORIENTERING OM EIDEFOSS AS

Etter kommunelovas § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet påsjå at det blir ført kontroll med interessene kommuna har i selskap m.m. I samanheng med dette blir innkalling og referat frå styremøte oversendt frå selskapet. Kommunene Lesja, Dovre, Lom, Vågå og Sel har kvar 20 % aksjeandel i Eidefoss AS. Som ein avgrensa selskapskontroll blir kommunikasjonen samla og referert.

- Styrereferat og informasjonsmøte – J.nr. 60/17
- Styremøteinnkalling og referat – J.nr. 257/17

Selskapet orienterte 19. oktober 2017 i fellesmøte for kontrollutvala i eigarkommunane om utbyggingsprosessen av Otta-vassdraget, samt økonomiske vurderingar i prosessen, konsekvensar og utsikter framover.

Årsrapporten 2017 ligg ved saksinnkallinga som eigen fil. Årsrekneskapen er revidert av Ernst & Young AS ved statsautorisert revisor Rune J. Baukhol. Revisor konkluderer at alle tilhøve omkring årsmeldinga og årsrekneskapen er i samsvar med lov og reglar som gjeld.

Selskapet eig 100 % av aksjene i Otta Biovarme AS og fører difor konsernrekneskap. Konsernet har etter skatt eit årsresultat på kr. 53 293 000. Overskotet i morselskapet utgjer kr. 53 140 000. Utbytte til eigarkommunane utgjer kr. 10 884 000.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget		Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 07/2018
		Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

- Krav fra Åge Haugen v/ adv. Erling M. Erstad
- Svar fra Dovre kommune v/ adv. Erna M. Larsen

TVIST OM VANN OG AVLØPSANLEGG I HYTTEFELT

Bakgrunn:

Kort oppsummert har denne saka versert i lengre tid. Entreprenør Åge Haugen har utarbeidet infrastruktur ved Kjørrhovda og Hjerkin hyttefelt, og krever kompensasjon for dette ved drift og overdragelse til Dovre kommune. Dovre kommune godtek ikkje kravet.

Dovre kontrollutval har behandla saken tidlegare. I sak nr. 08/2014 sende kontrollutvalet ei foranalyse til kommunestyret utan innstilling. Dette for å få saken drøfta der for eventuell bestilling av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret vedtok i RS 28/14 å avslutte saken og ikkje leggja den fram som eigen sak.

Åge Haugen skreiv på nytt til kontrollutvalet i desember 2017. Brev vart lagt fram for kontrollutvalet i sak nr. 24/17. Utvalet vedtok der å utsetja handsaming til rettsprosessen er avslutta.

Kontrollutvalet vart på nytt kontakta av Haugen i brev journalført 12.3.18. Sekretær sende breva til rådmannen i Dovre for uttale. Svar journalført 22.5.18 inneheld vedlagt kommunikasjon frå partanes advokat.

Vurdering:

Sekretær går ikkje inn i materielt innhald i saka. Innhaldet er komplekst både teknisk og juridisk.

I utgangspunktet står kontrollutvalet relativt fritt til å ta opp saker. Det kan vera etter innspel eller på eige initiativ. Det er likevel på det reine at kontrollutvalet ikkje er nokon klageinstans, som evaluerar sakshandsaminga.

Kontrollutvalet utsette evt. handsaming i sak nr. 24/17. Ettersom det nå ligg føre kommunikasjon mellom advokatane til Åge Haugen og Dovre kommune, har det på sett og vis kome nye opplysningar. Trass i nye opplysningar har ikkje saksprosessen kome lengre.

Kommunikasjonen tek opp spørsmål i sakshandsamingsprosessen av både materiell og prosessuell karakter. Dette er sentrale problemstillingar innan sakshandsaming. Sekretær kan ikkje ta standpunkt til relevans i spørsmåla. Slik saka står, kan den føra til ein domstolsprosess. Sekretær vurderer saka slik at kontrollutvalet opprettheld vedtaket frå 14.12.17.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vurderer gjennomgang av sak mellom Åge Haugen og Dovre kommune etter avslutta rettsprosess.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Frode Stordal vurderte seg inhabil, men utvalet såg ikkje dette som handsaming av sjølve saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet vurderer gjennomgang av sak mellom Åge Haugen og Dovre kommune etter avslutta rettsprosess.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget		Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 08/2018
		Saksbehandler: Morten Sørhage	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Administrasjonen er innkalla for å orientere om:

- Økonomi 1. tertial 2018
- Internkontrollsystemet i Dovre kommune

Handsaming:

Økonomisjefen orienterte om hovudtrekka i budsjettrapport 1. tertial 2018 og situasjonen framover.

Økonomisjefen orienterte om oppbygging av internkontrollen, overordna og spesifikke system, samt avvikshandtering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 12. juni 2018	Saksnr: 09/2018
		Saksbehandler: Morten Sørhage

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2018

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Dovre, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom rapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 12, juni 2018	Saksnr: 10/2018
	Saksbehandler:	Morten Sørhage

ARBEIDSMØTE

Vedlegg:

Årsplan 2018

Skjema saker 2018

Kontrollutvalet går gjennom møteoversikta 2018 og fastset møteplan for hausten 2018. I sammenhengen har styret i SKNG lagt opp til fellesmøte 19. september 2018 med desse orienteringane:

- Fylkesmannen orienterer om beredskapsarbeid i kommunane
- Oppland fylkeskommune orienterer om ny region Innlandet
- Nord-Gudbrandsdal Regionråd orienterer om verksemda
- Sekretær i SKNG orienterer om revisors uavhengigheit

I veke 44 er det planlagt eit fellesmøte med orienteringar om tenesteyting helse:

- NGLMS orienterer om verksemda og tenesteytinga
- Repr. frå ein sentral helsemyndigheit orienterer om lovkrav etter helse- og omsorgsloven

Innlandet Revisjon IKS arbeider for tida med forvaltningsrevisjon om gjeldsforvaltning og fondsforvaltning. Det ser ut som om rapporten blir lagt fram rett etter sommaren. Det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon i året, slik at ei viktig sak til hausten blir å utarbeide bestilling av nytt prosjekt for 2019.

Utover bestillinga er det ynskjeleg at utvalet drøftar forslag til saker dei vil ha på sakskartet, når det gjeld Dovre kommune. Det kan gje grunnlag for orienteringar i utvalet.

Handsaming:

I tredje kvartal 2018 set kontrollutvalet opp bestilling av forvaltningsrevisjon 2017. I utgangspunktet ynskjer utvalet å fylgje plan for forvaltningsrevisjon, som føreset ein revisjon av skulesektoren.

Tid for møte til hausten blir fastsett når forvaltningsrevisjonsprosjektet om sjølvkost føreligg.